



— Lagsblad —

Nr. 10

Oktober 1924

7. aaret

## Lær meg raun — —

*Lær meg raun å trassa  
haukall skoddevind  
som i gråversdagar  
kulsar sjæl og sinn.*

*- Lær meg raun å trassa  
so det lyser raudt  
av trass og ramsalt vilje  
når alt synest audt.*

*- Lær meg raun å kunna  
når det haustkaldt er  
på den jord som bar meg  
dryssa gyldne ber. . . .*

*Lær meg raun å bera  
frukt i storm, - som du - -  
- Sanka sol i stormen  
og på livet tru.*

*Lær meg raun å sank  
sumarsol som deg.  
slik at det um hausten  
lyser lange veg - - -*

MIKAL R.

## Tegja og tala.

Ein vil ikkje kunna segja, at lagsfolket i Bondeungdomslaget jamt yver hev serleg lett for aa ordleggja seg. Og det vilde helder ikkje vera nokon fyremun, um me alle saman skulde bruka munnen mest mogeleg. Bondeungdomen ligg ikkje for dette, han er heller tagal, men difor fyl han gjerne med og hev si klaare oppgjorde meining. Eg skulde likevel gjerne ynskja, at me lagsfolk dreiv det noko vidare i aa ordleggja oss. Det vilde vera til nytte for den einskilde og gagna saki um fleire meiningar kom tilorde no og daa. Det er ei av oppgaaavorne til laget dette, aa faa medlemmerne til aa ordleggja seg, naar det høver. Difor hev me vaare ordskifte-kveldar, difor hev me fleire gonger prøva med serskilde ordskiftelag. Ein hev daa og lagt merke med, at det hev vorte noko betre utetter aari, serleg hev kvinnorne vaaga seg meir fram, men stort set stend me mykje att. Paa vanlege ordskifte, der emnet er lagt soleis, at dei fleste kunde vera med, kan det i beste fall koma innlegg fraa 8-10 lagsfolk, og i spursmaal um saker som ligg fyre, er det heller ikkje mange som legg seg burti. Det er greit, at millom dei mange lagsfolk er meiningerne skifte i mange høve, og me burde kunna segja vaar meining, stutt og greit. Ikkje soleis, at me skal leggja oss etter aa halda lange og mange talar, og slett ikkje, at me skal tala i tid og utid, eller *søkja* etter den mindste smaating aa hefta seg med. Men hev me interesse

for ei sak som ligg fyre, bør me paa ein greid maate kunna segja vaar meining for eller imot. Saklege, friske og frie innlegg verkar alltid godt. For alle bydst det høve til no og daa aa gjeva si meining uttrykk. Det bør ikkje berre liggja til nokre faa av oss. Men for alle gjeld det, at me prøver aa segja vaar meining greit, sømeleg og utan personlege aatak. Sur, uhøveleg kritik, grove, uhyvla uttrykk bør me halda burte.

Av oppdragande verknad for lagsfolket er dei sokalla stutte foredrag me freistar faa fram med visse millomrom. Det vart sett upp tvo lagsfolk, som helst ikkje fyrr hev vore paa talarstolen, til aa halda kvar sitt stutte foredrag ein kveld. Aa faa fram lagsfolk til dette er godt paa fleire maatar. Vedkomande lyt finna seg emne sjølv, han lyt utarbeida foredraget sitt, og ved aa bera det fram fraa talarstolen, fær han eller ho ei røynsla som er god. Det kan for mange av vaare unge gjentor og gutar tykkjast vera vanskeleg, men eg trur dei fleste hev havt nytta av det. Ingen skulde undslaa seg for aa halda eit stutt foredrag, naar dei vert bedne. Desse foredrag vert alltid godt mottekne, daa ein synes det er gildt aa høyra sine eigne, og det vert ikkje sett større krav til talaren enn det foredraget gjeld: Ei øving i aa staa paa talarstolen framfyre ein møtelyd. Det er ei prøva dei fleste burde yvervinna.

*Lagsmann.*

---

## Leserom.

For mange aar sidan kom det paa tale aa faa til eit leserom i B. u. l. No ser eg, at dette spursmaalet er uppe paa nyom. Orsak, at eg blandar meg burt-i det. Sant aa segja trur eg slett ikkje, at dei som verkeleg interesserar

seg for lesing, vilde faa sers mykje hugnad eller gleda av leseromet i laget, um det vart til røyndom. Etter som eg kjenner sume lagsfolk trur eg, at eit slikt rom kom til aa verta nytta til *noko anna* enn leserom. Difor meiner eg,

at laget tarv ikkje røyna seg so følt for aa faa til noko slikt rom. Det er sjølv sagt noko anna, dersom romet kunde verta ein fredleg møtestad for lesehuga landsungdomar — og kanskje

andre — som er meir eller mindre heimlause her i Stavanger. Men ærlegt sagt trur eg lite paa dette leseromet som det er tale um. Ja, orsak meg!

Severin Vik.

## Livstrygding.

Livstrygdingi har teke eit veldug-uppsving i den seinare tid. Det er no sjeldan ein møter ein mann av den yngre slegt som ikkje har trygda seg for ein større eller mindre sum. Kvinna kjem og meir og meir med. Og det er rett. Det er godt at eit folk har syn for det gode ved livstrygding og trygdar heimane og alderdomen. Statsmagtene såg snart det gode ved dette og oppmoda folk til å trygda seg ved å gjeva fritt for skatt på innkoma upptil 200.— kr. for trygdepræmi, og på eiga upptil 5000.— kr. Desse tali er seinare auka, so det no er upptil 400.— og 10 000.— kr. ein kan trekkja frå i sjølvmeldingi som skattefritt. Ein plar taka det som eit bilæte på den økonomiske sans og umtanke hjå eit folk kor stor trygdesum

det jamt over har. Av nordlandi har Danmark her vore nr. 1 med Sverike straks etter. Finland og Norge er og godt med, men når ikkje so store medeltal.

Me har her i landet eit livstrygdslag, som ved sida av livstrygding arbeider for å få landsmålet innført i forretningsførsla. Dette er Livstrygdslaget Andvake. Alle me som arbeider for norskdom i skrift og tale veit, at det er i forretningslivet dansken har sin sterkaste skanse, med gamle røter i underlege snirklar og vendingar, og med mykje språklegt ugras. Lat oss difor mannjamnt stydja dei forretningar som har teke arbeidet upp her. Lagsfolk, teikna livstrygding i Andvake.

L. Bj.

## Maanaden som gjekk.

Bondeungdomslaget tok til att med møtene etter sumarfritidi den 4. september og dette møte var leikemøte.

Aarsfesten vart halden laurdag 20. september. Klaus Sletten heldt fest-talen. Me fekk mykje og god mat. Ved bordet var det elles talar av Theodor Dahl, O. A. Vestbø, Gunnar Løvik og fleire. O. A. V. og ein annan lagsmann hadde skrive kvar sin song til festen. Frk. Syrdal song mange gilde songar med tonefylgje av hr. Olav Paulus, so var det cello-solo av hr. Haarr — opplesing o. m. a. Alt i alt var det ein straalande fest, og alle lagsfolk sender festnemndi si varmaste takk for sers godt og velgjort arbeid.

Torsdag 24. sept. var det ein lagsmann som fortalde um ein sumartur

gjennom Romsdalen over Dovre og Jotunheimen. Orkesteret spela — og fullt hus. Torsdag 2. oktober hadde me den gleda aa ha skulestyrar Martin Birkeland hjaa oss. Han heldt eit vekkjande foredrag um Christopher Bruun. Birkeland maala eit klart bilæte av denne merkelege nordmann som ofra alt for sine idear og for sine store hugmaal. Me fekk samstundes eit klart bilæte av den tid og dei tankar som daa raadde, og av den tunge strid og den motbør Bruun hadde før folket heilt skyna han. Aldri vilde norsk ungdom gløyma Christopher Bruun. Orkesteret spela ogso denne kvelden. 9. oktober var det skipa til møte for landsungdom som ikkje stod tilslutta laget. Møtet tok til med fleire gilde

musikkstykkje av orkesteret. Formannen Vestbø gav so eit yversyn over laget sitt arbeid, og oppmoda all landsungdom i byen til aa slutta seg til Bondeungdomslaget. Leikarringen synte fram fleire gilde dansar og leikar, songarlaget song sine beste nr. — og fru Arnestad Mæland las eit stykke av Kristoffer Janson. Det var eit vellukka møte og me fekk mange nye med i laget. 16. oktober var sokneprest Petersen i laget og heldt foredrag um „Guds rike og vaar tids krise.“ Eit aalvorleg og vekkjande foredrag. Slike foredrag burde me faa fleire av. Der er so mykje no i vaar tid, som ropar paa ungdomen, og ikkje alle dei, som ropar paa dei unge vil det som ljust og rett er. Difor var det ei stor gleder aa høyra paa kva sokneprest Petersen hadde aa segja oss. Etter foredraget kom Eldbjørg med Bondeguten. Sundag 19. oktbr. var dr. Dahl i laget. Han heldt eit eldfullt foredrag um alkoholspursmaalet og brendevinet. Alkoholpressa (høgrepressa) fekk her ein kraftig paakjenning. Det var ei gleder aa høyra ein doktor tala so sterkt og mandeg — og mana til strid denne folkeulukka, rusdrykken — og mot alle desse falske lovnader som alkoholpressa og rusdrykk-kapitalen spaar, um berre forbodet vert løyst. — Diverre var det heller lite folk paa dette møte.

Torsdag 23. oktbr. skal Alfr. Løvvik fortelja fraa aarsmøtet i Noregs Ungdomslag i Molde no i sumar, og den 30. oktbr. skal gjentone ha eit møte for seg sjølv.

Sundag den 5/10 var det stor haustfest paa Hafsrø. Veret var bra og mykje folk var frammøtt. Lorenz Hop spela, Pedersen og Baardsen las stubbar og nokre lagsfolk vart utnemnde til riddarar av ein og annan orden. Anna ho fekk ei stjerna fraa Kristiansand S. Lars fekk noko som kom vel med, og Anders fekk ei dundrebørsa og no dundrar han i veg baade seint og tidleg. Det var ein gild fest fraa fyrst til sist?

## Nye lagsfolk.

I oktober er desse komne med i Bondeungdomslaget:

Martin Olsen, Hetland  
Arne Sægrov, Hetland  
Magnus Boganes, Hetland  
R. S. Randeberg, Randeberg  
Astrid Rønneberg, Sunnmøre  
Taletta E. Egeskog, Forsand  
Berta E. Egeskog, Forsand,  
Elen Klovning, Stord  
Asmund Jensen Elvheim, Ofoten  
Sofie Rimestad, Nærbo  
Sønøva Sigvaldsen, Stavanger  
Brita O. Bakka, Suldal  
Thv. Thomassen Stavanger,  
Brita Opedal, Hardanger  
Lars K. Dale, Skutenes  
Inger Berre, Namdalen  
Marie Dirdal, Randaberg  
Lars Folkvor, Randaberg  
Hanna Søndena, Vikadal  
Hildur Edland, Hetland  
Sigrid Halvorsen, Sand  
Amanda Eltrevaag, Sveio  
Randi Amdal, Nedstrand  
Per Molaug, Hetland  
Maria Hauge, Bryne  
Sverre Sørensen, Oddernes  
Gunnar Haaland, Randeberg  
Dagmar Oddsens, Stavanger  
Bjarne Stangeland, Haaland  
Dagny Mæland, Hetland  
Christine Madsen, Stavanger  
Karoline Frafjord, Hetland  
Gyda Øvrevaage, Sunnhordland  
Marie Øvrevaage, Sunnhordland  
Liv Løvik, Stavanger  
Tora Hognestad, Nærbo  
Kristoffer Bø, Randaberg  
O. E. Pedersen, Randaberg  
Hjørdis Tjensvoll, Stavanger  
Hanna Hamre, Ølen  
Madel Enoksen, Ølen  
Helena Skaara, Egersund  
Lars Berge, Sogn  
Kitty Helland, Sand  
Marta Torkildsen, Sand  
Selma Nilsen, Stavanger  
Hakon Berner, Hausvik

**P**aa aarsfesten no sist, vart det ved bordet sunge ei visa um alle dei gilde ungdomane søm i sumarhalvaaret hadde trulova seg; me skal ikkje her nemna noko um den visa anna enn siste verset, som kjem fraa ein gamal sveinkall sitt inderste hjarta, og det heiter her:

*So alle nyss trulova par:  
no lukka til paa ferdi,  
Her gjeng so mang ein einsleg kar  
aaleine gjenom verdi. --  
Men um det enn ei gjenta er,  
som kunde elska „pikke ter“  
ein gamal sveinkall sur og sær;  
— eg fylgjer med paa ferdi!*

Han som har skrive visa, er ein gamal ungkar, som ikkje har so lett aa segja kva som ligg paa hjarta i slike brennande spursmaal.

#### Fraa styremøte 24/10.—24.

1. Godkjenning av nye lagsfolk.
2. Saklista for november:
  - 6/11: Ordskifte: Emne: Dans eller leik. Innleidar: Vilfred Moen.
  - 13/11: Foredrag av professor Alexander Bugge. Emne: Irland i fortid og nutid. Orkestermusikk.
  - 20/11: Ljosbilæte fraa Islandsferdi ved Anders Løvik. Song av songarlaget.
  - 27/11: Foredrag. Orkestermusikk.
3. Det vart vedteke aa yta inntil kr. 75,— til Vonheim paa det vikaar at losje Rogaland yter ein liknande sum.

## „Norsk Jol“

vert namnet på eit gildt joleblad som kjem i millomhandel på Gula Tidend Forlag, Bergen.

Dei siste åri hev det vore eit stort sagn at det ikkje var å få eit godt og prydeleg norsk jolehefte, og for å stetta dette saknet kjem „Norsk Jol.“

I „Norsk Jol“, skriv mange av dei beste namn i nynorsk bokheim. Der er forvitnelege stykke og dikt m. a. av Leonhard Næss, Halfdan Arneberg, Peter Hognestad, Ragnvald Gjerløw, H. A. Djurhuus, R. R. Hausbach, Eirik Hirth, Leif Halse, Eirik Enge, Olav Gullvåg, Torvald Tu.

Teikningar av Frøydis Håvardsholm, Ståle Kyllingstae, Otto Valstad, Olaf Larsson og skjemteteikningar av gamle president Liestøl frå stortingstidi hans.

I heftet kjem dessutan mange originale aktstykke i facimil av norske riksrådar.

„Norsk Jol“ vert prenta hjå A.s John Griegs Boktrykkeri. Det kjem i handelen 1. november, og vert å få yver heile landet.

### Sokneprest Ottar Erla

preikar til høgmesse i Hetlands kyrkja sundag den 9. november kl. 11.

Lagsfolk! Møt fram og faa andre med dykk!

**Etter aarsfesten**  
er det mange som har  
betalt aarspengane, *men*  
*enno er der ein heil flokk*  
*som staar tilrest og ikkje*  
*har betalt.*

Lagsfolk! Hugs! no paa  
aa betal skuldige aars-  
pengar. *Løys lagskort!*

**Livstrygdlaget Andvake.**

(Noreg — Island)

**A**lle slag livstrygding, gode vilkår. Andvake  
nyttar berre norsken i alt arbeid, og styd  
gode norskmålstiltak. Alvorlege målfolk  
kjem difor meir og meir til det at det er  
til bate for både dei sjølve og saki deira  
å ta trygdingane sine i

**Andvake.**

Agentar i Stavanger:

*Gunhild Bjerkreim, Lars Bjørheim*  
*T. Goa, Alfred Løvik, Magnus Våge*

*Faner og*  
*Teaterkuliser*

**Bernh. Holgersen**  
Malerforretning - Kongsgt. 24

ALT I BØKER  
ALT I PAPIR  
OG SKOLEMATERIEL

FAAES I

**K. OPSANGERS BOKH.**  
KIRKEGATEN 11 - STAVANGER

„**BONDEUNGDOMSLAGET**“

kjem ut i Stavanger  
eingong i maanadan  
og kostar 2 kr. aaret

**J. L. Tidedemauns Tobaksfabriks**  
kommissionlager i Stavanger

*Stadig paa lager*  
*de mest anerkjendte merker*  
*i Cigaretter og Tobak*

**J. Bjørgo**  
Benyt telefon 1093 Ø. Hølegmata

*Ingen presenter  
pryder og pynter  
som blomster fra  
Blomsterballen*

# Alf Solheim

Østervaag 25



PAPIRFORRETNING  
RAMMEVERKSTED

PETROLEUMSLAMPER  
STENTØI & GLAS  
I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

## S. GITLESEN

:: :: :: ØSTERVAAG 41 :: :: ::



MASKIN-  
H U S E T

(Indeb. Thorvald Veire)  
Bredgaten 9

## Matstova og Kaffistovorne

til BONDELINGDOMSLAGET

*er rette staden for tilreisande og fastbuande  
som vil stetta svolten eller kvila ei stund*

### GILDASTE STOVORNE I BYEN

# GODTFOLK!

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,  
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

Løna med fleire medaljor

Telefon  
727 k

## GUNNAR LØVIK

KONGSGATA 36

Telefon  
727 k

# Johan Østhus & Co.

*Kolonial - Feitevaror  
Kjæks - Sjokolade  
Tobakk og Frukt  
En gross*

Telefon 2286

Telefon 2286

# N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og  
Fedevarerforretning**

# R. G. Klovning

Breidgata 20 ∴ ∴ ∴ ∴

**KOLONIAL**

Hampegarn - Bomullsgarn  
SNØROR - TOGVERK  
OLJEKLÆR.

# MERK!

*Største og fineste utvalg i ram-  
melister, ovale gullspeiler og rammer  
Innramning av bilder*

**M. ANDREASSENS**

RAMMEFORR. OG KUNSTHANDEL  
Ø. Holmegt. 25                      Telefon 1469

# BRØDRENE MAG

Nygaten 48

Telefon . 937  
Butikken . 3083

**Malervare- og  
jernvareforretning**

Telefon 102

# A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-  
FORRETNING ∴ ∴

GODE OG BILLIGE VARER!

Lagsgjenter — Lagsgutar.

*Frukt, Drops, Chocolate  
Tobak, Cigarer, Cigaret-  
ter, Piper  
Alle slag. Rimelege prisar.*

**OLAV HAMRE**

Tlf. 3440    NYTORGET    Tlf. 3440

**TIME**

# Jonas Jørstads BOKHANDL

Stort lager av nyare og eldre litteratur.  
Tingingar til boksamlingar og leselag  
vert sytt for fort og greitt ∴ ∴ ∴

**Fotografiske artiklar**

**Musikvarer**